

Koralliansen - Ved søknad om støtte til Dirigentkurs

Om ordninga

Koralliansen er eit samarbeidsforum for Ung Kirkesang, Norsk sangerforum, Ung i Kor, Norsk Sangerforbund, Norges kirkesangforbund, Norges Korforbund og FONOKO. Saman forvaltar organisasjonane ei satsing på å styrke kompetansen hjå norske kordirigentar, med mål om at alle dirigentar skal få tilgang til den kompetansen dei ynskjer, og at alle kor skal få tilgang til ein dirigent med kompetansen dei treng. Dette vil også kunne gje fleire kvalifiserte dirigentar over heile landet.

Som ein del av satsinga støttar Koralliansen kurs i dirigering, til arrangørar som gjennomfører kurs etter dei standardiserte kurstypene som Koralliansen har sett opp. Sekretariatsleiarane og musikkutvalet i Koralliansen er tildelingsutval for ordninga.

Satsinga på kordirigentar er støtta av Kulturdepartementet.

Kven kan søkje?

Både sentralledd og regionale ledd i samarbeidsorganisasjonane kan søkje om støtte gjennom ordninga. Arrangøren kan sjølv velje ein kurstype og eit innhald som passar det regionen treng.

Om søknaden

I søknaden inngår nokre obligatoriske grupper med spørsmål.

Kven søker? Informasjon om organisasjonsleddet som står som teknisk arrangør, inkludert kontaktperson.

Kva kurs søker de om? Informasjon om kva kurstype de søker, og kva planar som allereie finst for kurset.

Kvifor dette kurset? Informasjon om det finst ein særskild grunn til at de ynskjer dette kurset eller denne instruktøren, basert på tidlegare erfaringar eller ynskjemål frå deltakarar.

Noko anna? Dersom kurset ynskjer andre tilpassingar, må dette grunngjevast.

Det er ikkje viktig at svara er lange, så lenge dei er presise og gjer det mogleg å setje kurset i samanheng med andre søknader.

Det er nokre andre ting som også er viktige å tenkje på for deg som søker om å gjennomføre kurs.

Tidshorizont - Vi ynskjer å gje både arrangørar og deltakarar høve til å planleggje godt. Difor vil vi ved kvar tildelingsrunde ta imot søknader for dei to komande semestera. Dersom kurset er i byrjinga av semesteret (januar/august) er det særleg viktig å søkje minst eit halvt år før kurset skal gjennomførast. Dette for å sikre best mogleg planlegging for arrangørar og deltakarar.

Samarbeid - Vi vil alltid oppmuntre til samarbeid mellom organisasjonane, slik at fellesskapet blir ein styrke. Dette kan også føre til betre kurs og betre oppslutning. Dersom arrangøren ynskjer å gjennomføre fleire kurs parallelt ei helg, eller ein dagskonferanse, er samarbeid mellom fleire organisasjonar ein føresetnad.

Samling av kurs. Vi vil også oppmode våre arrangørar til å samle fleire kurs i regionen til same helg. Dette kan bidra til betre oppslutning blant deltakarar, og ei sterkare oppleving av fellesskap.

Omgjering av søknad - Dersom tildelingsutvala ser at eit anna nivå eller ein annan kurstype ville passe betre ut frå informasjonen i søknaden, vil utvala endre dette i dialog med søkeren.

Budsjett - Dersom du søker om *Kor og ensemble* eller *Dagskonferanse*, må du leggje ved eit budsjett for tiltaket. Dette er ikkje naudsynt for andre kurs.

Kursnivå

Koralliansen har fire moglege nivå på dirigentkurs, som arrangørar kan bruke for å tydeleggjere kva målgruppe(r) eit kurs har. Nivåinndelingane er ikkje eksakte, og mange dirigentar vil kjenne at dei passar inn på fleire av nivåa, eller er mellom to nivå. Definisjonane er altså rettleiande, for å gje eit bilete av kva type bakgrunn dirigentar på ulike nivå kan ha.

Mange kurs kan fungere godt for deltakarar på fleire nivå, men sannsynleg ikkje for alle samstundes.

Nivå 1: For nybyrjarar og andre utan erfaring, som har lyst til å lære seg å dirigere kor.

Nivå 2: For dirigentar som har gjennomgått grunnleggjande opplæring i dirigering, og har litt erfaring med å dirigere.

Nivå 3: For dirigentar med gode grunnferdigheiter i korleiiing og noko musikkutdanning, og brei erfaring med å dirigere kor på ulike nivå.

Nivå 4: For dirigentar med høgare utdanning i dirigering eller tilsvarande

kompetanse, samt solid erfaring med å dirigere kor på høgt nivå.

Standardkurs

Alle standardkurs blir støtta med ein fast sum per kurshelg, og eventuell tilleggsstøtte til øvingskor og anna. Det er oppgjeve i kva kurs støtte til øvingskor inngår, og kor mykje. Til somme kurs er det mogleg å søkje om støtte til ei ekstra økt med øvingskor, mot grunnjevnsnad Hugs at midlane til øvingskor ikkje kan brukast til andre utgifter.

Grunnkurs

Dette er eit kurs på 12 timar, som skal vere retta mot dirigentar på nivå 1 og nybyrjarar. Det passar både for den som er heilt ny som dirigent, som er hjelpe-dirigent i eit kor, og for andre som har lite erfaring, men som ønskjer å lære. Til dette kurset inngår ikkje støtte til øvingskor.

Kurset får grunnstøtte på 20.000. Kurset bør ha ei deltakaravgift på mellom 500 og 2000.

Dirigentkurs 1

Dette er eit kurs på 24 timar som skal vere retta mot dirigentar på nivå 1. Kurset går over to helger og passer best for den som er aktiv dirigent eller hjelpe-dirigent. I kurset inngår støtte til ei økt med øvingskor.

Kurset får grunnstøtte på 40.000, og får i tillegg støtte til øvingskor: 1 økt á 3 timer / 7.500kr. Kurset bør ha ei deltakaravgift på mellom 500 og 2000.

Dirigentkurs 2

Dette er eit kurs på 24 timar som skal vere retta mot dirigentar på nivå 2. Sidan går over to helger og deltakarane bør vere aktive dirigentar. På dette nivået er det ønskeleg med meir rettleia praksis, og difor inngår støtte til to økter med øvingskor.

Kurset får grunnstøtte på 40.000, og får i tillegg støtte til øvingskor: 2 økter á 3 timer / 15.000 kr. Kurset bør ha ei deltakaravgift på mellom 500 og 2000.

Temakurs

Dette er eit kurs på 12 timar, og siktemålet er å auke kompetansen til dirigenten. Innhaldet kan vere ulike typar repertoar, sjangrar, songteknikk, ensembletypar,

leiarskap eller andre ting. Slike kurs kan vere opne for dirigentar på mange ulike nivå. Kurset har som regel ikkje fokus på praksis med kor, og difor inngår i utgangspunktet ikkje støtte til øvingskor.

Kurset får grunnstøtte på 20.000. Om øvingskor er relevant for kurset, kan ein i tillegg søkje støtte til: 1 økt á 3 timer / 7.500kr. Kurset bør ha ei deltakaravgift på mellom 500 og 2000 kr.

Fordjupingskurs

Dette er eit kurs på 12 timar, med fokus på praksis og rettleiing med øvingskor. Kurset bør difor ha eit tak på aktive deltakarar, og vil som regel vere retta mot dirigentar på nivå 2 og 3. Valet av repertoar og instruktør vil avgjere profilen på kurset. Kurset får støtte til to økter med øvingskor. Kurset kan også få støtte til repetitør for inntil fire timar når øvingskoret ikkje er til stades, dersom dette blir grunngjeve i søknaden.

Kurset får grunnstøtte på 20.000, og får i tillegg støtte til øvingskor: 2 økter á 3 timer / 15.000 kr. Repetitør blir støtta med opp til 4 timar á 1.000 kr. Kurset bør ha ei deltakaravgift på mellom 500 og 2000..

Ikkje-standardiserte dirigentkurs

Desse kursa er ikkje standardiserte, og krev separat prosjektplan og budsjett for gjennomføring.

Kor og ensemble

Dette er eit kurs for dirigentar på nivå 3 og 4, med fokus på arbeid med kor og ensemble. Valet av instruktør og innhald skal spegla dette nivået. Rettleiande lengd er 12 timar.

Kurset bør ha tilgang til eit godt øvingskor og ensemble, i form av strykarar, korps, orkester, eller noko anna som er relevant for kurset.

Tiltaket har ei total støtteramme på 50.000-70.000 basert på det innsendte budsjettet.

Det er viktig at intensjonsavtale med instruktør og øvingsensemble er gjort før søknaden sendes inn. Deltakaravgifta bør vere mellom 1000 kr og 3000 kr.

Regional konferanse

Dette er ei samling på ein til to dagar, som er open for både dirigentar og andre med interesse for feltet. I konferansen bør det inngå føredrag, seminar eller andre aktivitetar, som kan utvide kompetansen til dirigenten. Tiltaket skal vere eit regionalt samlingspunkt, og må difor vere eit samarbeid mellom minimum to organisasjonar.

Tiltaket har ei total støtteramme på 30.000-50.000 basert på det innsendte budsjettet. Deltakaravgifta bør vere mellom 500 kr og 2000 kr.

Oversiktstabell

Kursnamn	Konsept	Nivå, tentativt	Timar	Kor	Grunntilskot	Andre tilskot	Sum
Grunnkurs	Grunnleggjande dirigering	1	12	Nei	20 000 kr	0	20 000
Dirigentskurs 1	Grunnleggjande dirigering	1	24	1 økt	40 000 kr	7 500	47 500
Dirigentskurs 2	Neste steg	2	24	2 økter	40 000 kr	7 500	55 000
Temakurs	Fri tematikk	1-3	12	Søknad	20 000 kr	0	20 000
Fordjupingskurs	Praksiskurs med øvingskor	2-3	12	2 økter	20 000 kr	15 000 (kor), 4 000 (repetitør)	39 000
Kor og ensemble	Meisterklasse med orkester / ensemble	3-4	12*	Søknad	50 000 kr	Budsjett	50-75 000
Regional konferanse	Mangesidig dagssamling	1-4	7*	Søknad	30 000 kr	Budsjett	30-50 000